

Innkalling

Utval: Ålesund kontrollutval
Møtestad: Ålesund rådhus, lågblokka 4. etg rom 463
Dato: 28.10.2025
Tidspunkt: 15:00

Den som har lovleg forfall eller vil ha vurdert habilitet til ei eller fleire av sakene, må melde frå snarast mogleg til sekretariatet på e-post: post@sksiks.no eller på telefon 90741399

Varamedlem møter etter nærare beskjed frå sekretariatet.

Sakliste

PS 34/25 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
PS 35/25 Orienteringar
OS 02/25 Orientering om pasientvarslingsanlegg ved Skarbøvik sjukeheim

PS 36/25 Oppfølging av undersøking budsjettprosess
PS 37/25 Nummerert brev nr. 10 frå revisor - avsluttande melding
PS 38/25 Revisjons- og kommunikasjonsplan av årsrekneskap 2025
PS 39/25 Forenkla etterlevingskontroll - revisor si risiko og vesentlegvurdering

PS 40/25 Meldingar og skriv
MS 18/25 Tilsyn frå Helsetilsynet 2025 - Nav Ålesund
MS 19/25 Generalforsamling 28.10.2025 Attvin AS
MS 20/25 Informasjon om representantskapsmøte 22.10.2025 Sunnmøre
Kontrollutvalsekretariat IKS

Ålesund, 20.10.2025

Svein Rune Johannessen
Leiar kontrollutval

Solveig Kvamme
Seniorrådgivar SKS IKS

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 34/25 Ålesund kontrollutval

Møtedato
28.10.2025

Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste. Samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

Vedlegg

Møteprotokoll - Ålesund kontrollutval - 02.09.2025

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 35/25 Ålesund kontrollutval

Møtedato
28.10.2025

Orienteringar

Underliggende saker

02/25 Orientering om pasientvarslingsanlegg ved Skarbøvik sjukeheim

Saksframlegg

Saksnr. Utval
OS 02/25 Ålesund kontrollutval

Møtedato
28.10.2025

Orientering om pasientvarslingsanlegg ved Skarbøvik sjukeheim Ålesund kommune

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

Bakgrunnsinformasjon:

Det har kome fram informasjon gjennom media om at det over tid har vore alvorleg svikt ved pasientvarslingsanlegget på Skarbøvik sjukeheim.

Det vert hevda at det har vore meldt avvik på dette forholdet mange ganger, utan at ei opplevde at det vart tatt tak i. Verneombodet såg seg nøydd til å varsle og ta opp saka i Arbeidsmiljøutvalet (AMU). Det vert og hevda at dette avviket har gått ut over liv og helse til bebruarane.

Det er alvorleg om utstyr som skal trygge bebruarane i ein kommunal institusjon, ikkje fungerer som det skal. Og det er alvorleg om ein slik svikt går ut over liv og helse, og er stor belastning over tid for dei tilsette.

Med dette som utgangspunkt så har vi bedt kommunedirektøren i Ålesund og dagleg leiar i Ålesund kommunale eigedom KF om å gje kontrollutvalet ei orientering.

Invitasjonen ligg ved saka her. Vedlagt er og informasjon frå dagleg leiar i ÅKE som vart sendt ut rett etter oppslaget i media.

Vedlegg

Invitasjon til orientering om svikt ved varslingsanlegg ved Skarbøvik sjukeheim

E-post frå Ålesund kommunale eigedom KF om pasientvarslingsanlegg i Skarbøvik sykehjem

Notat frå Ålesund kommunale eigedom KF 29.09.2025

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 36/25 Ålesund kontrollutval

Møtedato
28.10.2025

Oppfølging av undersøking budsjettprosess Ålesund kommune

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet takkar for informasjonen og avsluttar oppfølginga av kontrollhandlinga undersøking av budsjettprosessen i Ålesund kommune.

Bakgrunnsinformasjon:

Møre og Romsdal Revisjon SA leverte og presenterte 29.10.2025 sin rapport frå oppdraget med å undersøke budsjettprosessen i Ålesund kommune.

Kontrollutvalet la rapporten fram for kommunestyret og kommunestyret behandla den 14.11.2024 og gjorde slikt vedtak:

1. *Kommunestyret ber kommunedirektøren*
 - a. *om å iverksette ein prosess for å revidere økonomireglementet og ta med dei vurderingar rapporten peikar på*
 - b. *gå gjennom kvalitetssystemet knytt til økonomiforvaltninga, og sjå nærare på dei punkta som rapporten tek opp.*
 - c. *legge fram for kontrollutvalet ein framdriftsplan for oppfølging av desse tiltaka, innan medio januar 2025.*
2. *Kommunestyret ber kontrollutvalet om å halde seg orientert om prosessen og rapportere tilbake til kommunestyret*

Kommunedirektøren la i kontrollutvalsmøtet 28.01.2025 fram sin framdriftsplan, i tråd med dette vedtaket.

Kontrollutvalet gjorde då slikt vedtak i sak 02/25:

Kontrollutvalet tek framdriftsplanen som er lagt fram til vitande, og vil halde seg orientert om prosessen vidare.

Kontrollutvalet ynskjer ei orientering frå kommunedirektøren i etterkant av kommunestyret sin behandling i mars.

Kommunedirektøren la fram sak om økonomireglement for formannskap i april 2025, saka vart utsett for å bli behandla i dei kommunale føretaka også.

Økonomireglementet vart først vedteken i kommunestyret 25.09.2025

Vurdering:

Kontrollutvalet inviterer kommunedirektøren ved økonomisjef Lars Fylling, til å presentere det vedtekne økonomireglementen for kontrollutvalet i møtet 28. oktober.

Kontrollutvalet skal ikkje vedta eller gje uttale til økonomireglementet, men vere kjent med det fordi det er ein del av vedtaket i denne kontrollhandlinga "undersøkelse av budsjettprosessen".

Kommunen sitt økonomireglement er eit viktig dokument i revisjonsarbeidet, og kontrollutvalet kan gjerne be oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor om å gje si vurdering av reglementet.

Med dette så er sekretariatet si tilråding til kontrollutvalet at oppfølginga av kontrollhandlinga undersøking av budsjettprosessen kan avsluttast frå kontrollutvalet si side. Leiar kan rapportere vedtaket tilbake til kommunestyret, når protokollen frå dette møtet vert handsama i kommunestyret.

Vedlegg

Tilrådingane i rapporten frå Møre og Romsdal Revisjon SA

Økonomireglement Ålesund kommune konsern vedtatt 20250925

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 37/25 Ålesund kontrollutval

Møtedato
28.10.2025

Nummerert brev nr. 10 frå revisor - avsluttande melding Oppfølging av nr. 08

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek informasjonen frå revisor til orientering, og avsluttar her oppfølging av dette konkrete forholdet.

Bakgrunnsinformasjon:

Kontrollutvalet fekk på møtet 27.05.2025 ei orientering frå både revisor og kommunedirektøren om ei pågåande mislegsak i kommunen. Revisor informerte kontrollutvalet gjennom nummerert brev 08, datert 13.05.2025.

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i sak 23/25: *Kontrollutvalet tek kommunikasjonen frå revisor til vitande på noverande tidspunkt, og ber om å verte oppdatert framover slik kommunelova legg opp til.*

Kommunelova § 24-7 tredje ledd viser korleis revisor skal halde kontrollutvalet informert når slike forhold oppstår:

Hvis revisor avdekker eller på annen måte blir kjent med misligheter, skal han eller hun straks melde fra om det etter første ledd bokstav e. Når saksforholdet er nærmere klarlagt, skal revisor sende et nytt brev til kontrollutvalget, med kopi til kommunedirektøren.

Vurdering:

Kontrollutvalet har motteke nummeret brev nr 10 frå revisor, der revisor gjer greie for oppfølging frå kommunedirektøren.

Revisor stadfestar at ho er orientert om at det er sett i verk tiltak som vil styrke internkontrollen. Revisor finn desse tiltaka tilfredstillande.

Sekretariatet si vurdering er at kontrollutvalet kan avslutte denne saka, og at utvalet ikkje set i verk vidare kontrollhandlingar.

Kommunedirektøren har sett i verk endringar i saksgang og at det vert praktisert

dobbeltdokumentasjon ved liknande forhold. Dette for å førebygge at tilsvarende handling skal vere mogeleg å gjennomføre i framtida.

Kontrollutvalet må ta som utgangspunkt at dei reviderte rutinane ikkje berre gjeld den aktuelle eininga i eitt kommunalområde, men at det vil gjelde i heile den kommunale verksemda der liknande innkjøp finn stad.

Vedlegg

Nummerert brev nr. 10 - oppfølging av revisorbrev nr. 08 - Avsluttande melding

Nummerert brev nr.08 - Første melding til kontrollutvalet

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 38/25 Ålesund kontrollutval

Møtedato
28.10.2025

Revisjons- og kommunikasjonsplan av årsrekneskap 2025 Ålesund kommune

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek den framlagte plan for revisjon- og kommunikasjon årsrekneskap og årsmelding 2025, til vitande.

Bakgrunnsinformasjon:

Kontrollutvalet har ansvar for å sjå til at kommunen blir revidert på ein forsvarleg måte. For å oppfylle denne oppgåva er det avgjerande at revisor rapporterer tilstrekkeleg til kontrollutvalet om revisjonsarbeidet.

Ein god dialog og felles forståing mellom kontrollutval og revisor, er viktige føresetnader for å sikre at revisjonsarbeidet vert utført på ein forsvarleg måte.

Kontrollutvalet si oppfølging av pågå-ansvaret omfattar aktivitetar knytt til oppfølging av revisor sitt arbeid, som mellom anna:

- revisor si erklæring om uavhengigheit
- kvalitetskontroll av revisor sitt arbeid
- avtaler mellom kontrollutval og revisor
- engasjementsbrev for revisjonsoppdraget
- strategi og plan for revisjonsarbeidet med risikovurderingar
- revisjonsrapportar, både interimrapportar og etterlevingskontroll
- nummererte brev frå revisor

Departementet uttaler i Kontrollutvalsboka at godt samspel mellom revisor, sekretariat, kontrollutval og administrasjon er sentralt for å leggje til rette for ein effektiv og tillitsvekkjande revisjon. Det må vere ein jamn og god dialog mellom revisjonen, sekretariatet, kontrollutvalet og administrasjonen.

Vurdering:

Det er eit krav at revisor skal utarbeide ein plan for korleis revisjonen skal gjennomførast. Revisjonen omfattar både kommunekassa og dei kommunale foretaka. Denne planen byggjer på ein overordna revisjonsstrategi som skildrar føremål og omfang på revisjonen, når revisjonen skal utførast, og kva vinkling denne skal ha.

Oppfølging av dei utfordringar ein såg ved årsrevisjonen førre året, bør vere tatt høgde for i planen. Revisor har med i planen ei oversikt over oppfølging av den nummererte kommunikasjonen som revisor har hatt med kontrollutvalet.

Revisjonsplanen og -strategien byggjer på ei vurdering av risiko- og vesentlegheit, der forhold som endringar i oppgåver, tenester og organisering i kommunen, samt tidlegare revisjonar, inngår.

Revisor vil i møtet orientere kontrollutvalet om revisjonsstrategi, plan for revisjonsarbeidet og dei risikovurderingane denne byggjer på.

Revisor si erklæring om uavhengigheit er lagt ved saka, der er ikkje noko band mellom revisor og kommunen.

Vedlegg

Revisjons og kommunikasjonsplan 2025 - Ålesund kommune

Revisor si erklæring om uavhengigheit 2025 - Ålesund kommune

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 39/25 Ålesund kontrollutval

Møtedato
28.10.2025

Forenkla etterlevingskontroll - revisor si risiko og vesentlegvurdering Ålesund kommune

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet støttar revisor sitt val av område for forenkla etterlevingskontroll 2025 som er offentlege innkjøp - anskaffingar

Bakgrunnsinformasjon:

Gjennom ein forenkla etterlevingskontroll skal revisor bidra til å sikre at kommunen følgjer reglar og vedtak for økonomiforvaltinga innan eit avgrensa område. Arbeidet skal byggje på ei vurdering av risiko og kva som er viktig, og vurderinga skal leggjast fram for kontrollutvalet.

Innan 30. juni skal revisor gje ein skriftleg uttale til kontrollutvalet, om resultatet av den forenkla etterlevingskontrollen. Revisor nyttar eit standard rammeverk og internasjonale revisjonsstandarar ved utføring av forenkla etterlevingskontroll.

Forenkla etterlevingskontroll erstattar ikkje den ordinære rekneskapsrevisjonen, men kan sjåast på som eit supplement i forlengelsen.

Målet med kontrollen er å bidra til å førebygge og avdekke alvorlege feil og manglar i viktige delar av økonomiforvaltinga som ikkje alltid blir kontrollert i den finansielle revisjonen. For kontrollutvalet sin del er ansvaret avgrensa til å sjå etter at den vert gjennomført, og halde seg orientert om resultatet. Det er ein del av kontrollutvalet si påsjåar-rolle.

Vurdering:

Det er revisor som avgjer kva område som skal kontrollerast gjennom ein forenkla etterlevingskontroll, med bakgrunn i ei risiko- og vesentlegvurdering. Revisor identifiserer område i økonomiforvaltinga der det er størst behov for at føresegner og vedtak blir følgde, avhengig av kva konsekvensar manglande etterleving kan få.

Revisor vil i møtet 28.10.2025 presentere si risiko- og vesentlegvurdering. Denne gir grunnlag for dialog mellom revisor og kontrollutval om kva revisor vil og bør følgje opp. Kontrollutvalet kan gje innspel til vurderinga, men det er revisor som til slutt vel ut området for den forenkla etterlevingskontrollen.

I revisor si risiko- og vesentlegvurdering er det tatt med ei oversikt over kva områder det har vore forenkla etterlevingskontroll på dei siste åra.

Vedlegg

Revisor si risikovurdering forenkla etterlevingskontroll 2025 - Ålesund kommune

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 40/25 Ålesund kontrollutval

Møtedato
28.10.2025

Meldingar og skriv

Underliggende saker

18/25 Tilsyn frå Helsetilsynet 2025 - Nav Ålesund
19/25 Generalforsamling 28.10.2025 Attvin AS
20/25 Informasjon om representantskapsmøte 22.10.2025 Sunnmøre
Kontrollutvalsekretariat IKS

Saksframlegg

Saksnr. Utval
MS 18/25 Ålesund kontrollutval

Møtedato
28.10.2025

Tilsyn frå Helsetilsynet 2025 - Nav Ålesund

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Bakgrunnsinformasjon:

Dette er eit tilsyn som Helsetilsynet ved Statsforvaltaren gjennomfører og følgjer opp. Det er nyttig for kontrollutvalet å kjenne til at det pågår eit tilsyn som er under oppfølging. Ikkje minst er det viktig informasjon slik at kontrollutvalet ikkje set i verk kontrollhandlingar innan same området parallelt med dette tilsynet.

Frå dokumentet

Helsetilsynet ved Statsforvaltaren har gjeve kommunen følgjande pålegg:

Vi har vurdert virkningene som dette pålegget vil ha for kommunens øvrige virksomhet, i samsvar med kommuneloven § 30-4 andre ledd. Vi kan ikke se at hensynet til kommunens øvrige virksomhet hindrer oss fra å pålegge kommunen å rette lovbruddene som vi har funnet i dette tilsynet. Kommunen har heller ikke gitt opplysninger som tilsier et annet resultat.

Vi pålegger derfor kommunen å rette lovbruddene i dette tilsynet med hjemmel i kommuneloven § 30-4.

Statsforvalterens oppfølging av pålegget

Vi vil vurdere dokumentasjonen kommunen sender, og ta stilling til om tilsynet kan avsluttes.

Statsforvalteren ber om tilbakemelding på status for arbeidet med å rette lovbruddene innen 31.01.2026:

- Innen 31. oktober skal tiltak som gjelder tilgjengelighet, vurdering av hastegrad og utredning av barnas behov være satt i verk
- Innen 30. november skal tiltak som gjelder dokumentasjon være satt i verk
- Innen 31. desember skal tiltak som gjelder fatting av vedtak være satt i verk
- Innen 31. januar skal iverksatte tiltak være evaluert

Før fristen for å sende oss en plan for arbeidet med å rette lovbruddene den 05.09.2025, vil vi tilby dere et dialogmøte, for å konkretisere nærmere hva planen må inneholde. Vi kan også da avtale videre dialogmøter for å sikre framdrift i forbedringsarbeidet. Ta kontakt med Marianne Halle for å avtale tidspunkt.

Vedlegg

Rapport med pålegg om å rette lovbrudd etter tilsyn med Nav-kontoret i Ålesund kommune
- økonomisk rådgivning 2025 _ Helsetilsynet

Saksframlegg

Saksnr. Utval
MS 19/25 Ålesund kontrollutval

Møtedato
28.10.2025

Generalforsamling 28.10.2025 Attvin AS

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Bakgrunnsinformasjon:

Innkalling og andre dokument til Attvin si generalforsamling 28. oktober er lagt ved som informasjon.

Vedlegg

Innkalling til generalforsamling 28.10.2025 - Attvin AS
2026 Budsjett Attvin AS presentasjon tall

Saksframlegg

Saksnr. Utval
MS 20/25 Ålesund kontrollutval

Møtedato
28.10.2025

Informasjon om representantskapsmøte 22.10.2025 Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Bakgrunnsinformasjon:

Innkalling og sakspapir til møte i representantskapet for Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS er lagt ved som informasjon til kontrollutvalet

Vedlegg

Innkalling representantskapsmøte 22.10.2025 - Sunnmøre kontrollutvalssekretariat IKS
Sakspapir representantskapsmøte 22.10.2025 - Sunnmøre kontrollutvalssekretariat IKS